



## Siste info om fylkesleiren på Åheim

Fylkesleiren nærmar seg med stormskritt. Leirkomiteen har jobba, og lagt til rette for at alt skal gå på skinner desse dagane. Her kjem den siste informasjonen til dykk som er påmeldte.

### Leirsjef:

Årets leirsjef er Vidar Solheim, klubbrådgjevar i Elvablikk 4H.

Om de har spørsmål som de ikkje finn svar på i denne e-posten eller i invitasjonen på heimesida, ta kontakt med Vidar, tlf. 97138975 eller kontoret 96096783.

[Moreogromsdal@4h.no](mailto:Moreogromsdal@4h.no)


### Betaling:

Faktura til dei som ikkje betalte ved påmelding er sendt og den **MÅ** betalast innan fristen.

Medlemskontingenten må vere betalt, dette er kjempeviktig med tanke på at forsikringa skal vere i orden. Ei lita presisering, påmeldinga til leiren er bindande, så om nokon vel å melde seg av etter at påmeldingsfristen er gått ut – må leirkontingenten betalast likevel. Dette fordi vi etter den datoén bestilte mat og aktivitetar.

## **Leiren er ved Jetmund Gjesteheim:**

Adressa er: St.Jetmund-vegen 68, 6146 Åheim



## **Tema – Jonsokfeiring med fantetog**

På søndagen er det Jonsokaftan, då skal vi kle oss ut og gå i "Fantetog" som ein innmarsj til jonsokbålet. I fantetog kan ein kle seg ut som kva som helst, her er det berre fantasien som set grenser. Det er sjølvsagt ganske vanleg med jonsok-brudepar, og det vert fleire kåringar her. Det vert og kåring av beste pynta tun til jonsokfeiringa. Tenk kreativt, ta utgangspunkt i tradisjonar der du kjem frå, eller lat deg inspirere av "midtsommarafton" i Sverige. Her er det berre fantasien som set grenser.

## Tun

Lista over korleis tuna er sett opp finn de her. Det skal vere ro i teltleiren kl. 24.00. Dei som vil sove må få lov til det. Les «leirreglar».

	Klubb	Deltakarar	Vaksne
<b>TUN 1</b>	Fjellrosa	7	2
	Fjellreven	3	1
	Mulevika	4	1
	Tareholmen	2	1
	Myrvåg	5	2
	Vilmarksgjengen	5	1
	Freidig	2	
	Storm	5	1
	Totalt	33	9
<b>TUN 2</b>	Grimstadhøgda	11	4
	Ruggå	12	6
	Futt	3	1
	Fossekallen	2	1
	Vårbrus	3	2
	Vårsøg	1	
	Totalt	32	14
<b>TUN 3</b>	Straumen	9	4
	Liljen	8	3
	Hustadvika	3	2
	Vårsol	6	3
	Lynet	1	1
	Ørn	3	1
	Skåla	4	1
	Totalt	34	15
<b>TUN 4</b>	Klurtolla	31	11
	Moral	8	
<b>TUN 5</b>	Elvablikk	38	5

## Mat

Tørrmaten (frukost, lunsj og evt kvelds) må de ordne med sjølve. Det er lurt at klubben ordnar det slik at de har felles mat og felles eting. Alle får utdelt mjølk, juice og yoghurt til tørrmåltida. Det er ikkje tillat med storkjøkken eller bål i leirområdet, og vi vil legge til rette for ein oppvaskstasjon der de får tilgang til vatn. Det er ikkje kjølekapasitet i leiren, men vi stiller med fryser til fryseelement.

Middagen får vi ferdig tillaga. Alle må ha med eige bestikk, fat, skål og kopp/glas. Vi vil oppfordre alle deltarane til å nytte fleirgangs bestikk, fat, skål og kopp/glas. Om det ender opp med å bruke eingongs, så unngå dei därlegaste papptallerkane – det kan og vere lurt å ha noko som er fast og stødig under tallerkenen.

## **Lading av elektronikk**

Det vil bli mogleg å lade mobiltelefonar og liknande trygt og sikkert på leirkontoret mot betaling, ein rimeleg pris. Kom, betal, lever mobiltelefon & ladar og kom tilbake å hent når den er ferdig lada. Noter deg opningstidene til leirkontoret.

## **Pakkliste - det er lurt å samordne dette med resten av klubben:**

- Telt, sovepose og liggeunderlag.
- Regnkle, godt fottøy og støvlar
- Lettare kle
- Varme kle
- Badetøy
- Toalettsaker (ta med speil om du er avhengig av dette)
- Tørrmat – lurt å samarbeide med dei andre i teltet eller klubben
- Tallerken og bestikk til middagen
- Matboks og drikkeflaske til lunsj
- Enkelt førstehjelpsutstyr
- Solkrem og myggmiddel
- Lader til mobil eller liknande
- Liten sekk til å ha verdisaker og andre viktige ting i når du er ute i leirområdet eller på aktivitet. Du har sjølv ansvaret for verdisakene dine. Tenk over kva du har med.

- Lommepengar til bruk i kiosken, og miljøtorget. Begge har og vips, men ikkje for dei under 15år.

## **Program:**

Programmet for leiren ligg vedlagt. Oppmøte frå kl. 17.00 fredag. Middag blir servert om lag kl. 19.00. Jonsok feiringa er open for alle i bygda, søndag frå 18-20.

## **Deltakarlistar og aktivitetar:**

Deltakarliste med fornamn, klubb og aktivitet ligg ved. Det er ikkje høve til å bytte aktivitet.

Ta med det du treng til din aktivitet:

- Skyting
  - Hørselsvern
  - Underskreve skjema frå føresette, om løyve til skyting.
- Kajakk
  - Klesskift gjerne ull
  - Har du eiga våtdrakt, ta med.
- Volleyball
  - Denne aktiviteten er inne i hall ha med innesko.
- Klatring
  - Har du klatresko ta med.

## **Konkurransar/premiering av:**

- Tun
- Kostyme
- Volleyballturnering
- Aktivitetar under volleyballturneringa
- Tautrekking
- Natursti
- Morgonfugl (trekning kvar morgon)

## **Miljøtorg:**

MORAL 4H, alumnklubben i fylket, stiller tradisjonen tru med Miljøtorg. Miljøtorg er ein sosial samlingsplass og kiosk. Her vil det vere mogleg å spele spel, danse swing og anna, det blir og nokre felles aktivitetar i kjent 4H-stil som ein ikkje bør gå glipp av. Moral sel som alltid moral-is, vaflar, litago, iste og meir. Det opnar kvar kveld etter at kveldsprogrammet er ferdig og stenger kl. 01.00 på fredag og laurdag, og kl. 03.00 på søndag. Det skal vere ro i teltleiren kl. 24.00. Da er også besøkstida for aspirantar i miljøtorget over. (Aspirantar er dei som er fødd i 2013 eller seinare).

## Kiosk:

I kiosken får de kjøpe det de treng av godteri og frukt. Kaffe og te blir det også mogleg å få kjøpt i kiosken, der får de og fyllt opp kanner om de ønsker det. Kiosken har **vipps og kontant**.

## Volleyballturnering og tautrekking:

### *Volleyball*

- Det blir 2 klasser som før: Ei for aspirantar og ei for junior/senior.
- Turneringa blir spelt ute, ha med kle og sko til dette.

På volleyballturneringa skal det vere 6 stk på kvart lag, det er lov å ha med innbytarar. Det er mogleg å blande laget, ha spelarar frå fleire klubbar dersom klubben sjølv ikkje har nok spelarar til å danne eit lag. Den blandinga må de ordne sjølv – har de ikkje fullt lag så ta kontakt med dei andre i tunet. Samansette lag skal ha eige namn.

### *Tautrekking*

- Laget sine deltakarar skal til samen ha en alder på maks 120 år.  
(Dvs. f eks 10 stk. på 12 år eller 2 stk. på 60 år)  
Alderen som teller er den alderen du fyller i år.

Påmeldinga av lag skal skje seinast laurdag **kl. 18.00**. Det skal meldast på berre heile lag, med fullt namn og alder deltakarar. **Skjema får de på leirkontoret.**

**Då står det berre att å ønske dykk hjarteleg velkomne!**

**Vedlagt finn de:**

- Program
- Leirreglane
- Liste med fornamn, aktivitet og klubb

**Saman på laget har Elvablikk 4H og**

**4H Møre og Romsdal desse sponsorane sponsorar:**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



**Landkreditt**



Lokale sponsorar for 4H-fylkesleiren på Åheim 21.-24.juni 2024:

Sibelco Nordic AS  
Sparebanken Møre  
Stadt Maskin AS  
Sparebanken Vest  
Fiskaa Maskin AS  
Joker Åheim  
Spar Fiskå  
Tussa AS  
Mh24  
VH Bygg  
Eltvik & Aahjem efft  
Berget Elektro & Linjebygg AS  
Kvernevik AS

Lvsgal  
Comfort A.M. Vik AS  
Senso Auto AS  
Trond Løvold AS  
Tore Høybakk  
Sparelys.no  
Byggtorget Nystøl og Fagerhol  
Vanylven Kiropraktorklinikk AS  
Kragseth Maskin  
Brandal Hønseri  
Coop Marked Fiskå  
Coop Prix Syvde  
Coop Prix Selje